



ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Vår dato:  
29.03.2023  
  
Dykkar dato:

Vår ref:  
2022/1181  
  
Dykkar ref:  
2021/6449

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352  
Lill Mona Solberg, 5764 3105

## **Uttale - offentleg ettersyn - Alver - Kommunedelplan - kultur idrett og friluftsliv 2023 - 2035**

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 21.02.2023. Saka gjeld offentleg ettersyn av kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035, med frist 11. april 2023.

Planforslaget har fått tittelen «Kultur som drivkraft» og gjeld det breie kulturområdet. Planen tek utgangspunkt i kommuneplanens samfunnsdel, som legg fram breie ambisjonar for kulturfeltet dei neste 12 åra.

### **Statsforvaltaren sine merknader**

Statsforvaltaren er positiv til at Alver kommune utarbeider ein kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv. Temaa er viktige for barn og unge, folkehelse og trivsel generelt.

#### Musikk og kulturskuletilbod

Etter opplæringslova § 13-6 skal alle kommunar åleine eller saman med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod for barn og unge. Barnekonvensjonen artikkel 31 tek òg opp barns rett til å delta i kulturelt og kunstnarisk liv.

Kommunen skriv i sitt framlegg til kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv at de skal auke deltakinga og etablere nye tilbod i planperioden. De ønskjer å auke deltakinga i tilbodet for barn og unge frå 14 prosent til at 25 prosent fram mot 2035. Kommunen har i tillegg til ambisjonen om å auke rekrutteringa til idretts- og kulturtildelninga, eit mål om å inkludere fleire i aktivitetane og førebygge utanforskapsproblematikken.

Vi gjer merksam på at Utdanningsdirektoratet har laga eit kort informasjonsskriv om kulturskulen som er retta mot føresette. Skrivet er oversett til ti ulike språk og kan tilpassast og delast ut til føresette. Skrivet kan lastast ned her: <https://www.udir.no/utdanningslopet/kulturskolen/>

#### Klima og miljø

Det er bra at kommunedelplanen har eit kapittel om klima og miljø. Her står det mellom anna at kring 80 % av innbyggjarane oppgjer at dei nyttar bil til og frå aktivitetar dei driv med. Det skal i



planperioden jobbast med å få fleire til å gå, sykle eller ta buss. Dette er bra. Kommunen må også vurdere dette når de skal velje lokasjon av fritidstilbod.

#### Kopling mot kommuneplanen sin arealdel

Vi kan ikke sjå at planstatus er vurdert i kommunedelplanen, men i oversendingsbrevet står det:

*«Planen gir øg føringar for kommuneplanens arealdel. Innspel, kunnskap og tiltak som kan ha arealmessige behov og/eller konsekvensar skal derfor øg vurderast i samband med utarbeidninga av arealdelen.»*

Ettersom nye tiltak må vere i samsvar med arealdelen i kommuneplanen/reguleringsplan, er det viktig at dette vert kopla klart mot arealplanar. Dette bør komme klart fram i kommunedelplanen, og ikke berre i oversendingsbrevet. Det vil vere naturleg å vurdere om det er naudsynt med planavklaring i handlingsdelen.

Det ser ut som fleire tiltak for tilrettelegging av friluftsliv vil ligge i landbruk-, natur-, og friluftslivformål (LNF-formål) i kommuneplanen. Vi gjer merksam på at fleire tiltak for tilrettelegging for friluftsliv som er skissert her, ikkje vil vere i samsvar med LNF-formålet. Både sherpatrapper, dagsturhytter, parkering og flytebrygger vil gå utover enkel tilrettelegging for friluftsliv ein kan gjere i LNF-formål. Vi minner også om byggeforbodet i strandsona jf. pbl § 1-8

Vi ønsker lykke til med vidare planarbeid.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN